

Meland kommune
Havnevegen 41a
5918 FREKHAUG

Drømmehagen barnehage AS
Floghaugane 61
5918 Frekhaug

Innrapportering av Resultatrekneskap for ikkje-kommunale barnehagar 2016

Alle ikkje-kommunale barnehagar, det vil seie alle private, statleg og fylkeskommunalt eigde barnehagar som var i drift per 15.12.2016, skal innrapportere resultatrekneskapsopplysningar for 2016 gjennom innrapporteringssystemet BASIL på basil.udir.no. Kommunen ønskjer med dette brevet å informere om rapporteringa og å klargjere kva for oppgåver barnehagen har i samband med resultatrekneskapsrapporteringa.

Opplysningane skal brukast til å sikre at tilskot og foreldrebetaling blir brukte i samsvar med barnehagelova § 14a, og leggje til rette for kommunalt tilsyn med bruken av tilskot og foreldrebetaling.

Barnehagen fører sjølv inntekter i skjemaet. Dette gjeld òg tilskot utbetalt av kommunen. Barnehagen spesifiserer korleis det kommunale tilskotet er utbetalt. Kommunen fyller eventuelt ut steg 12, Supplerande opplysningar frå kommunen.

Alle barnehagar nyttar UBAS (Utdanningsdirektoratets brukaradministrasjonssystem) for pålogging i BASIL. Ta kontakt med kommunen for å få oppretta brukarnamn og passord. Du finn meir informasjon på udir.no/ubas. Gjennom UBAS får revisor tilgang til alle barnehagar vedkommande fører rekneskap for. Veiledning for å opprette tilgang til revisor finn du på Utdanningsdirektoratet sine [nettsider](#).

Barnehagens revisor skal revidere og leggje fram revisjonsberetning basert på ISA 805 Særlege omsyn ved revisjon av enkeltståande rekneskapsoppstillingar og spesifikke element, kontoar eller postar i ei rekneskapsoppstilling. Revisjonsberetningen lastes enten opp elektronisk i BASIL, eller sendes til kommunen.

Barnehagar som er unnatekne frå kravet om revisor i forskrift om rekneskapsplikt for godkjende ikkje-kommunale barnehagar, skal gi revisortilgang til uavhengig regnskapskyndig, som attesterer regnskapet.

Fristen for å fylle ut resultatrekneskapa er: 07.09.2017
Lenkja til BASIL er: basil.udir.no.

De finn meir informasjon om innrapportering av resultatrekneskap på:
<http://www.udir.no/tall-og-forskning/datainnsamling--kilder/basil/resultatregnskap-fra-private-barnehager>

Med vennleg helsing

Meland kommune

